

Kartverket
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.

Vår ref.
25/1128-3/KES

Dato
18.11.2025

Vinje kommune - namnesak for nokre stadnamn i Rauland - tilråding

Me syner til eit oppstartsbrev som Kartverket skreiv til Vinje kommune 15. september i år og til eit svarbrev kommunen skreiv til Språkrådet 4. november.

Namnet på ei myr

Innkomne høyringssvar

Ellen Linda Gåsdaalen skriv blant anna: «Eg syns Ævongsmyre, med e på slutten slik det stend i økonomisk kartverk frå 1968, ligg mest te dialekta si uttalsmåte.»

Gunhild Gardsjord: «Me finn namnet Ævong på grunneigedomen 138/12 som blei oppretta ved oppføring av den dugnadsbaserte Rauland Sjukestoge i 1949 - 50. Tydinga av namnet Ævong er ikkje fullt utgreidd.»

Rauland Historielag går inn for skrivemåten *Ævongsmyri*. Dei skriv vidare: «Evongsmyri har vore i bruk i lang tid og er også i samsvar med uttalen.»

Odd Skei Kostveit skriv: «Ævongsmyri. Denne skrivemåten er nærast den munnlege uttala av stadnamnet slik eg oppfattar det i dag. I-endinga er vel leiande på Rauland, medan e-endinga er meir i bruk i Vinje.»

Åsta Østmoe Kostveit: «Rikard Berge I.244 i Bygdeboka, syner til Magnus Olsen om tydinga ævanger – kvileplass der man på reise lar hestene beite. (Øystein Kostveit sa det betydde hestebeite. Truleg etter RB). RB skriv namnet slik: Ævaangsmýri. Han skriv jo aa i staden for Å, så det vil seie Ævångsmýri. Dei eg



kjenner som bur i området og er innfødte, seier Ævongsmyri [...] Konklusjon: [...] ÆVONGSMYRI»

Ævangs-, Ævongs- eller Ævungs-

Det at Rikard Berge i bygdeboka *Vinje og Rauland I* (utgjeven i 1940) nytta skrivemåten *Ævaangsmýri*, kan tolkast slik at namnet etter gammalt er uttala med /å/-lyd i andre stavinga.

I Heradsregisteret er namnet ført opp på tre namnekort. På to duplikatkort (med arkiv-ID-ane 132160 og 129987) er det lagt til grunn ei nedteikning frå 1963 (med referansen nr 136 _ D35AD2). Her er det nytta oppslagsforma *Ævongsmyre*, og namnet er her registrert med uttaleforma «æ`vónsmyre». På eit kort (med arkiv-ID-en 137614) er det lagt til grunn ei nedteikning frå 1979. (Den oppførde referansen er nr. 104 i rute F3 på ein kopi av ØK-kartet BK040/2 _ bruk 3 på gnr. 138 _ Halvor Midtgarden (informant)). Her er det nytta oppslagsforma *Ævangsmýri* og i den registrerte uttaleforma er det brukt vokalteiknet /ó/ i andre stavinga. Når det gjeld spørsmålet om korleis namnet er uttala, vél me å leggje mest vekt på det som er registrert i Heradsregisteret. Me har grunn til å tru at det er vanlegast å nytte ein /o/-lyd i andre stavinga. Her kan ein jamføre med det som står i dei innkomne merknadsbreva om den munnlege namnebruken.

I heile Heradsregisteret finst det ingen namn med skrivemåtane *Ævung-*, *Evung-* og *Evong-* som oppslagsform, og berre det eine namnet i Rauland er presentert med ei oppslagsform med æ i første stavinga og o i andre stavinga. Den andre oppførde oppslagsforma til det same namnet – skrivemåten med æ i første stavinga og a i andre stavinga – er òg unik i det namnetilfanget som finst i Heradsregisteret.

I SSR finn ein skrivemåten med o i andre stavinga (*Ævong- / Evong-*) og skrivemåten med u i andre stavinga (*Ævung- / Evung-*) berre i det aktuelle myrnamnet i Rauland og i det avleidde adressenamnet. (Skrivemåten *Evang(-)* er SSR-registrert i desse fire primærnamnformene: Bruksnamnforma *Evang* i Hemsedal kommune, gardsnamnformene *Nedre Evang* og *Øvre Evang* i Østre Toten kommune, naturnamnforma *Evangen* i Vang og bygdenamnforma *Evanger* på Voss. Det er ikkje SSR-registrert noka namneform med skrivemåten *Ævang(-)*.)

Det er språkhistorisk forsvar for skrivemåten med æ i første stavinga. Det aktuelle hankjønnsordet hadde formene *áivangr* og *ævangr* i gamalnorsk. Ordet er nytta med tydinga 'kvileplass, stad der ein lét hestane beite'. (Jamfør med det som står om namnet *Evanger* i *Norsk stadnamnleksikon*. Sjå på side 138 i 1997-utgåva av leksikonet.) I matrikkelutkastet frå 1950 er *Evong* ført opp som namn på bruka 12 og 13 på garden med namnet Midtgarden (Megarden), gnr. 138. Det er sannsynleg at bruksnamnet primært er nytta som namn på ein beiteteig i området. Det er vidare all grunn til å rekne med at det er dette namnet som er lagt til grunn for føreleken både i det myrnamnet me har føre oss her, og i namnet på bruk 3 på nabogarden Gardsjord, gnr. 137. (Jamfør med det me har skrive nedom her om den einskildsaka som er knytt til det sistnemnde bruksnamnet.)

Med tanke på det etymologiske og med tilvising til det som er skrive om den munnlege namnebruken, verkar det tilrådeleg å late namnet bli skrive med æ- i første stavinga. (Jamfør med punktet 3.8 i *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*. Der står det: «Namneledd med ein nedervd lokal uttale som har nær samanheng med gammalnorske former, kan skrivast i samhøve med uttalen (*lid* for *li*, *strond* for *strand*).»)

Det må seiast å vere etymologisk forsvar òg for skrivemåten med a i andre stavinga, men her må det leggjast vekt på dette at det er eit unisont ønske i dei innkomne merknadsbreva om å få ein offisiell skrivemåte der føreleken er skriven *Ævongs-* (med o). Det bør òg ha noko å seie i denne saka at skrivemåten *Ævongsmyri* har vore eineform i SSR i kring femti år. (Jamfør med det som står i det feltet på sida Norgeskart som har tittelen «Dokumentasjon på bruk av skrivemåten».) Mykje tyder på at me i denne saka har føre oss eit særtilfelle der det har vorte ein overgang frå /a/ til /o/ framom «ng-lyden» (/ŋ/); i det lokale talemålet er det generelt slik at /a/-lyden er vidareført i denne posisjonen.

Tilråding

Me finn det samla sett mest tilrådeleg at myrnamnet blir skrive *Ævongsmyri* i offentleg samanheng. Det aktuelle vegnamnet på staden bør skrivast på same måten. (Jamfør med det som står i første delen av tredje avsnittet i § 4 i stadnamnlova. Der står det: «Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta.»)

I tråd med det som står i punktet 4.1.2 i dei utfyllande reglane, blir det i område med i-mål tilrådd gjennomført bruk av i-ending når det er tale om bundne eintalsformer av sterke hokjønnsord. Den aktuelle regelen seier ein kan nytte skrivemåten med i-ending «når dialektuttalen er -i eller -ei, eller når det er normeringstradisjon for å nytte -i». (Jamfør til dømes med tidlegare fastsette vegnamnformer som *Granamyri*, *Strandbekklii* og *Skigrendi*. Alle desse knytte til vegar i Rauland.)

Namnet på bruk 3 på garden Gardsjord, gnr. 137

Innkomne høyringssvar

Gunhild Gardsjord skriv at eigedommen «blei frådelt Nordtun, 137/2, til Svein Kvåli rundt 1950 og fekk då namnet *Ævongsli* på grunn av nærskap med den store myra *Ævongsmyri*».

Rauland Historielag går inn for skrivemåten *Ævongsli*. Dei skriv elles: «*Ævongsli* som adressenamn er eit god namneval som Historielaget støttar.»

Ævongsli eller *Ævongslid*

I oppstartsbrevet frå Kartverket er *Evongslid* og *Evangslid* dei to einaste skrivemåtane som er førde opp som tidlegare nytta namneformer. (Den førstnemnde forma er brukt i matrikkelutkastet frå 1950, og den hi forma er den som finst i den gjeldande matrikkelen.)

Det er all grunn til å rekne med at det er eit primærnamn med forma «*Ævong*» som er lagt grunn for førelekken både i det bruksnamnet me har føre oss her, og i det myrnamnet me har skrive om tidlegare i dette brevet. (Sjå det me har skrive om dette i tredje avsnittet på side 2.) Difor bør den førelekkforma som blir vedteken for myrnamnet, òg nyttast i det aktuelle bruksnamnet. Det er ikkje talemålsgrunnlag i området for å late etterlekken i namnet bli skriven med *d*.

Tilråding

Me tilrår at ***Ævongsli*** blir vedteken som offisiell bruksnamnform. (Me har sett at historielaget i Rauland òg går inn for at bruksnamnet blir skrive slik.) Kommunen har føreslege at *Ævongsli* blir nytta som namn på ein veg i området. Dette er eit forslag me finn tilrådeleg.

Namnet på ei grend og eit avleidd namn på ein høi

Innkomne høyringssvar

Gunhild Gardsjord skriv: «Stadnamnet til grenda Haddland har ulike skrivemåtar, men alltid med eininga [...]hadd[...] eller [...]hadde[...], som uttrykk for den jamne [...] hallinga [...] mot vatnet Totak i vest. I lokal vanleg tale blir det oftast sagt Haddland. Rikard Berge skreiv Haddeland, sjå t.d. Bygdesoga for Vinje og Rauland, band IV s 164. [...] I dagleg bruk ser ein ikkje noko tydeleg skilje mellom dei to stadnamna Haddland og Haddlandsgrend. Haddland er det mest bruka stadnamnet. I utgreiinga frå Kartverket blir desse namna oppfatta som ulike stadnamn, Det er uklart om det dreiar seg om ulik avgrensing av området. Mogleg at ulike namn skriv seg frå ulike kartverk.

Rauland Historielag går inn for skrivemåten *Haddland*. Dei skriv elles: «Haddland er det namnet som er i bruk og som både blir skrive og uttala utan e. Haddland er namnet på denne delen av bygdi så som Austbø og Nesland. Haddlandsgrend er ei nemning som er lite eller ikkje i bruk og bør utgå. Det kan

skape forvirring om namnebruket på dette området, men også om det omfattar eit anna/ større/ mindre område.»

Odd Skei Kostveit skriv blant anna: «Eg oppfattar at folk i bygda i dag nyttar Haddland både i munnleg og skriftleg form. Det er etter mi meining også den naturlege skrivemåten. [...] Eg kjenner ikkje til at Haddland og Haddlandsgrend har vore oppfatta som to ulike stader. Begge former nyttast, men då om det same geografiske området (grenda).»

Åsta Østmoe Kostveit skriv: «Rikard Berge Bygdebok for Vinje og Rauland I.70 (bind I, side 70) Her syner han til historisk skrivemåte, ca 1400 Hallaland. Haddeland, Haddland. Tyding: landet som hallar. Haddar. R.B skriv sjølv Haddeland. Då eg kom til Rauland i 1955, vart eg innprenta Haddland, utan e og med dobbel d. Og dei eg spør frå grenda i dag, uttalar ordet Haddland. Sjeldan (eller aldri) bruk Haddlandsgrend»

Hadd- eller Hall-

Det er ein lang tradisjon for skrivemåten med *dd*. I matrikkelen for Telemark (tidlegare Bratsberg amt) frå 1905 er namnet skriva *Haddeland*. Det er skriva om namnet på side 458 i band 7 i bokverket *Norske Gaardnavne* (NG). Den eldste namneforma med skrivemåten *Hadd-* som er nemnd der, er forma *Haddelan* («*a Haddelan*») frå året 1500. Søk i Diplomatarium Norvegicum syner at skrivemåten med *dd* er nytta alt i 1472, 1491 og 1495. Når det gjeld stadfesting av denne skrivemåten i seinare tid, kan det nemnast dette at *Haddlandsvegen* vart teken i bruk som vegnamnform 7. februar 2011.

Skrivemåte med eller utan e-fuge

I alle dei innkomne høyringssvara er det poengtert at namnet er uttala utan *e*. I Heradsregisteret er namnet registrert med uttaleforma «*hadd`lann*» i 1963 og 1979, og det avleidde hølnamnet som det er tale om i denne saka, er ført opp med uttaleforma «*hadd`lannshýl`n*» i 1979. Me meiner difor at namnet bør skrivast utan vokalfuge. I den definisjonen av uttrykket «nedervd lokal uttale» som finst i § 2 i stadnamnlova, står det at det med dette uttrykket er meint ein uttale som «framleis er i levande bruk». Me har inntrykk av at uttalen «*Hadde-*» ikkje lenger blir nytta i lokalmiljøet. I denne saka bør det vidare leggjast ein del vekt på dette at skrivemåten utan vokalfuge blir brukt i den avleidde namneforma *Haddlandsvegen*. Det at ingen av dei som har uttala seg om namnet, støttar skrivemåten med *e*, bør òg ha noko å seie her.

Tilråding

Me tilrår at grendenamnet blir skriva ***Haddland*** i offentleg samanheng. Me er samde med historielaget når det skriv at «Haddlandsgrend er ei nemning som er lite eller ikkje i bruk» og at namnet difor «bør utgå». Det er kommunen som gjer vedtak i denne saka.

I heiområdet som er knytt til gardane i grenda, er det ein elvehøl som er SSR-registrert med namneformene *Haddlandshylen* og *Haddelandshylen*. I Heradsregisteret er hølnamnet ført opp med uttaleforma «*hadd`lannshýl`n*». Så sant *Haddland* blir fastsett som offisiell grendenamnsform, bør det vedtakast at

det avleidde namnet skal skrivast **Haddlandshylen**. Bruk av skrivemåten *hy/* har heimel i punktet 3.8 i dei utfyllande reglane. (Sjå det me har skrive om dette i nest siste avsnittet på side 2.) Skrivemåten *Haddlandshylen* er støtta av Rauland Historielag.

Vesthaddin eller *Vesthallin* – namn på ein liteig der det finst eit hyttefelt
Innkomne høyringssvar


Gunhild Gardsjord skriv: «Namnet Vesthaddin er notert som namn på hytteområde med gnr 137 bnr 24 i Vinje kommune. Namnet er nylaga, og står for ei skildring av retning og terreng i vestre kant av det hallande(haddande) landskapet i grenda Haddland. Underteikna har som grunneigar gjort framlegg av dette som namn på den private vegen inn i hytteområdet.»

Rauland Historielag går inn for skrivemåten *Vesthaddin*. Dei skriv elles: «Vesthaddin er eit nytt namn og skrivemåten er i samsvar med uttalen på Rauland.»

Åsta Østmoe Kostveit skriv: «VESTHADDIN, kjenner eg ikkje til, men namnet og skrivemåte høyres rimeleg ut.»

Kommunen har føreslege at namnet blir nytta som namn på ein veg på staden og at det då blir brukt skrivemåten *Vesthaddin*.

Det aktuelle hyttefeltet ligg i den vestlege og vestvende delen av dei liene som finst i austre kanten av grenda Haddland. (Sjå det redigerte kartutsnittet som er limt inn nedom her.)



Jamfør med det som Gunhild Gardsjord skriv om dette.) I omtalen av det aktuelle grendenamnet skriv Odd Skei Kostveit at «grenda ligg i ein bakke eller ei hadd som ein seier i bygda». (Terrengnemninga *hall* (*hadd* / *hadl*) er nytta som eit sterkt hokjønnsord fleire stader i landet. Det at *hadd* opptre som eit sterkt hokjønnsord i Rauland og andre stader i Telemark, gjev grunnlag for bruk av artikkelforma *-in* i når substantivet blir nytta med bunden fleirtalsform i aktuelle stadnamn. (Jamfør her med punktet 4.4.3.(1) i dei utfyllande reglane. Der står det: «Når særlege

grunnar talar for det [...] og det er i samsvar med dialektuttalen, kan elles desse formene brukast: 4.4.3.1 *-in(e)* i hankjønnsord og sterke hokjønnsord (t.d. *bygdin*), 4.4.3.2 *-on, -un(e)* [...]». Artikkelforma *-in* finn me blant anna i dei offisielle stadnamnformene *Hjeddin* (i Rauland), *Tuftin* (i Rauland), *Buin* (i Øyfjell) og *Lonin* (i Rauland). (Sjå på sida Norgeskart.)

Me syner elles til det me har skrive ovom her om grunnlaget for skrivemåten *hadd*.

Tilråding

Me tilrår at det aktuelle stadnamnet i grenda Haddland blir skrive ***Vesthaddin*** i offentleg samanheng.

Med helsing frå

Rune Røstad
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
------------	-------------------------	------	----------

Kopi til:

Vinje kommune

Vedlegg:

Vinje kommune – 141973

namnesak for nokre
stadnamn i Rauland – brev
frå Ellen Linda Gåsdaalen _
om myrnamnet

Vinje kommune – 141974

namnesak for nokre
stadnamn i Rauland – brev
frå Gunhild Gardsjord om
Haddland og Vesthaddin

Vedlegg:

Vinje kommune – namnesak for nokre stadnamn i Rauland – brev frå Gunhild Gardsjord om Ævongsmyri og Ævongsli	141975
Vinje kommune – namnesak for nokre stadnamn i Rauland – brev frå historielaget	141976
Vinje kommune – namnesak for nokre stadnamn i Rauland – brev frå Odd Skei Kostveit	141977
Vinje kommune – namnesak for nokre stadnamn i Rauland – brev frå Åsta Østmoe Kostveit	141978
Vinje kommune – namnesak for nokre stadnamn i Rauland – innkomne fråsegner – oversendingsbrev frå k	141979
Vinje kommune – namnesak for nokre stadnamn i Rauland – oppstartsbrevet frå Kartverket	141980